

Prekenverkstedet



Den Norske Israelmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

6. søndag i påsketida – 01. mai 2016

Preiketekst: Matt 6, 7-13

Lesetekst I: 1 Kong 3, 5-14

Lesetekst II: Ef 3, 14-21

Guds omsorg i bønn

Påskelede og offentlig høgtid

Me er komne til 01. mai. Av og til, som i år, er det samanfall mellom sjettede søndagen i påsketida og den offentlege høgtidsdagen 1. mai. Det er egne tekstar til bruk i dei samanhengane der ein vil ha mest fokus på at det er arbeidarane sin dag 1. mai. Alle tekstane som markerer at det er sjettede søndag i påsketida, handlar om bønn. I ein viss grad gjeld dette også fjerde og femte søndag i påsketida.

Preiketeksten i dag er eit kort avsnitt frå Bergpreika, der Jesus underviser om bønn. Fadervår vert denne bønna kalla. Me kan henne utanåt, me har lært å be slik frå barnsbein av. Rett nok er det somme som blandar gammal og ny språkform. Det toler nok Fader Vår, eller var det Vår Far, eller var det Far Vår, å høyra! På denne søndagen kan ein gjerne også knytta preika til ein av lesetekstane. Det er sterke og flotte bønne-tekstar, begge to.

Jøde og heidning

Ideelt sett burde/skulle også vers 5 og 6 vore med i teksten. For alle desse fire versa – 5, 6, 7 og 8 – er ei samanhengande åtvaring om korleis me ikkje skal be. Jesus tek både her og andre stader i Bibelen skarp avstand frå alle former for utstilling av tru og bønneliv. Gjer ein dette, for å syna seg fram, står det under dom. Slik han også er like skarp når han underviser læresveinane – og oss – om kva som er den rette faste, Matt 6,16-17.

Elles noterer me oss at han eksplisitt nemner heidningane. Dei ramsar opp mange ord, og trur dei vert bønheyrde av den grunn. Ver ikkje som dei, seier han til sine egne jødiske venner og læresveinar. Me slit kanskje med å forstå dette. Ein ting er at me slett ikkje likar å verta rekna for heidningar. Men i bibelsk-etnisk forstand er det det me er. Men er det slik at me har lettare for å bruka mange ord enn jødane sjølv? Når ein somme gonger studerer bønnepraksisen deira, både i synagogane, ved Vestmuren, og i andre samanhengar, kjem i alle fall eg av og til i tvil om akkurat det.

Denne åtvaringa går ut til alle som vil høyra Jesus Messias til, same kva slekt, folkeslag og etnisk bakgrunn ein måtte ha. Gå inn til deg sjølv, 'inn i lønnkammeret' som var eit uttrykk som vart brukt ofte før, og be til Far som er i det skjulte. Og Far som ser i det skjulte, skal løna deg og svara deg, på sin måte, og i si tid, til mitt og ditt beste. Det er radikalt frigjerande at det er slik!

Sju bønner

Det er litt usemje om det er seks eller sju bønner i Fadervår. Vers 13 rommar to bønner, eigentleg, men somme meiner dei heng så sterkt saman at dei kan/skal reknast som ei bønn. Men det er inga usemje om at dei tre første ledda (vers 9-10) handlar om Gud og hans rike. Det merkelege her er heller at me – hans skapningar og born – skal be om at Han må ta vare på sitt eige: Guds namn,

Guds rike og Guds vilje. For dette klarer han åleine! Han klarer det best åleine, tenkjer me. Men tanken er vel at me som høyrer han til, skal vera hans reiskap på jorda til dette. Då vert det ei stor oppgåve for oss!

Dei tre eller fire siste bønnene er slik sett kanskje enklare å forstå. For dei handlar om oss. Me ber om Guds hjelp og gode gaver. Og i bønna ligg det implisitt at dette kan me ikkje klara å ivareta og sørga for sjølve. Då ville me gått til grunne. For me treng dagleg brød både i bokstaveleg og åndeleg meining. Ingen av oss kan fri oss frå skuld og skam, og me treng at nokon større enn oss, kan tilgje. Freistingar lurar på oss over alt. Vondskapen er både inni oss og rundt oss.

Bønna om å bli spart for freistingar er også litt vrien. Ein ting er at det er det einaste leddet der ein ber til Gud om noko han ikkje skal gjera. Men Gud freistar nemleg ingen. Slik er ikkje hans vesen. Derimot set han oss ofte på prøve. Jesus veit at me har lett for å falla. Den vonde får veldig lett overtaket, og kan utnytta ein situasjon der Gud set oss på prøve. Slik sett er det lett å vera samd med dei som meiner at dei to bønnene i vers 13 eigentleg er ei samanhengande bønn.

Læresveinbønn

Fadervår er kalla for ei læresveinbønn. Mange fortolkarar peiker på at det neppe var denne bønna Jesus i særleg stor grad nytta sjølv. Dei glimta i Det nye testamentet me får av Jesu eige bønneliv, tyder også på det. Døme: Hans øvsteprestlege bønn som me finn i Joh 17. Men han lært oss korleis me skal be.

Det er elles noko utfordrande at forma «vår» sterkt og klart tyder på at dette er ei fellesskapsbønn, til bruk i kyrkjelyd og forsamling. På den andre sida er Jesus sterk når han formanar oss til å gå inn i lønnkammeret. Men også der, sjølv sagt, skal me med stort frimot be til Far vår, i stor og trygg visse om at han er Far for alle oss som ved tru har fått del i den store nåde å bu i hans hus. Etter dei seks eller sju ledda kjem sluttsatsen, som har form av tilbeding meir enn bønn: For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.

Kan henda burde preiketeksten også ha inkludert vers 14-15 rett etterpå. Bønna og trua vår må hengja saman med livet og gjerningane. Elles er hykleriet over oss umiddelbart etter at me har sagt Amen. Det må ikkje skje! Difor tar me Fadervår med oss inn i resten av denne søndagen, og inn i kvardagane i veke 18, ut til nesten vår, naboar, familie, jøde og grekar.

Gå i fred. Ten Herren med glede!

Paul Odland

misjonssekretær i Den Norske Israelsmisjon, Stavanger krets

stavanger@isrelsmisjonen.no